

## **ORDENSREGLEMENT**

### **Tillegg for Selbjørn skule**

Ordensreglementet for grunnskulen er felles for skulane i Austevoll, og har vore gjeldande frå 01.04.2011. Reglementet for Selbjørn skule er eit utfyllande reglement innanfor rammene av det kommunale reglementet. Dei utfyllande reglane er vedteke i samarbeidsutvalet 29.09.2016. Dei er gjort kjende for elevane på skulen, og foreldra gjennom dette heftet. Ordensreglane byggjer på § 2-9 og § 2-10 i opplæringslova. Ordensreglementet er ei forskrift.

#### **Utfyllande reglar for Selbjørn skule:**

1. Ved svært dårleg vêr kan du vera inne i friminutta etter avtale på kvart trinn. Når du er inne, skal du vera i dei områda du får tilvist, og følgja reglar for god åtfærd.
2. Ballspel skal gå føre seg på dei plassane som er sett av til slike aktivitetar. Snøballkasting berre på blink.
3. Du kan sykla til skulen når dine føresette gir deg lov. Sykkelen skal stå i ro i skuletida. Same reglar gjeld for sparkesykkel, skateboard og rullesko.
4. Mobiltelefon og kamera skal leggjast i mobilskapet i klasserommet i skuletida. Mobilklokke/Apple-watch skal ikkje brukast i skuletida, med unntak av klokkefunksjon.

#### **Tiltak ved regelbrot**

- Regel 1: Dersom dette ikkje fungerer slik det er gjort avtale om, vert goda tekne frå elevane for ei stund og tilhøva snakka om i møte.
- Regel 2: a) Elevsamtale med kontaktlærer. b) Heimen vert orientert. c) Elev vera inne i friminutt.
- Regel 3: Ved gjentekne brot på denne regelen tek kontaktlærer kontakt med heimen.
- Regel 4: a) Munnleg advarsel. b) Lærer tek inn telefonen. Eleven får att telefonen når skuledagen er slutt. c) Føresette må komma til skulen og henta telefonen.

Generelle tiltak ved brot på ordensreglementet står i det kommunale reglementet pkt. 4.

Brot på ordensreglementet skal handsamast etter reglane i Opplæringslova § 2-9, 4. ledd, § 2-10, 2. ledd og sakshandsamingsreglane i Forvaltningslova under kap. 3 og kap. 6 ved einskildvedtak.